

Nytt om utsortering av matavfall frå 01.01.2021.

Frå 1. januar 2021, skal matavfallet sorterast ut i eige spann. Det brune spannet skal brukast til matavfall. Matavfallet blir henta samstundes som restavfallet. Våre bilar har eige kammer for dette.

Matavfall som: fisk, kjøt, frukt, eggeskal, brødprodukt, kaffigrut/filter og teposar.

Om du treng nye bioposer kan du knyte ein blank plastpose på matavfallsspannet ditt, so får du utlevert ein rull med bioposer.

Du kan og få bioposer på gjenbruksstasjonane våre.

Matavfallet vi samler inn vert til biogass og gjødsel. Et viktig bidrag for å ta vare på verdiane i avfallet og syte for at næringsstoffer kjem tilbake i jorda!



Spann med brunt lok:

NB! Henting annakvar veke

Gjeld for både vanleg henting - og småhushald (tømming kvar 4 veke)

Sjå tømme kalender. www.oyvar.no eller last ned vår tømme kalender app for iPhone eller Android.

For dei som ikkje har spannløysing for matavfall i kjøkenbenken, kan De kjøpe spann hos oss.

Desse spanna passer med dei bioposene vi deler ut og sikrer ein hygienisk og god løysning i kjøkenbenken.

Spann kan du kjøpe på gjenbruksstasjonane våre for kr 35,-



Tips!

Vått matavfall bør renne av seg i vasken, før du legg det i bioposen

Legg gjerne litt hushaldningspapir eller avispir i botnen av posen.

Det er viktig å halde matavfallspannet reint og tørt, for å unngå lukt og fluger. Set spannet i skuggen.

Avfall frå fisk, reker og skaldyr, kan frysast ned fram til hentedagen.

Du kan dusje litt tynn eddikblanding over avfallet for å unngå lukt.